

Fylkesros til helselaget

26.10.2010



Dagleg leiar Åse Fretheim hadde mange idear om aktivitetar og tiltak

**Dagleg leiar for fylkeslaga til Nasjonalforeningen i Hordaland og Sogn og Fjordane, Åse Fretheim, har vore på besøk hos helselaget i Uskedalen.**

**Ikkje overraskande var ho svært raus med rosen til eit lag som i fjar sørga for 43.496 kroner i pengegåver. Og i tillegg kom demensaksjonen der dei samla inn 18.372 kroner.**

- Uskedalen Helselag gjer ein utruleg god jobb, sa Åse, som har ansvar for over 100 lag. Men ho var svært imponert både over det Uskedalen-laget samlar inn og over medlemstalet som no ligg på 110 men som har vore enda høgare før.

Nasjonalforeningen på landsbasis har nyleg fylt 100 år og er dermed ikke så mykje eldre enn helselaget her i bygda, som vart skipa i 1917.

Etter innvendingar frå lag som ville satsa på andre områder er det bestemt at foreningen framleis skal konsentrera seg om hjarte- og karsjukdom og demens som hovudsatsingsområder. Og no er det viktig å gjera tydeleg kva det betyr av satsing på nye aktivitetar, heldt dagleg leiar fram.

Hovudoppgåva for Åse Fretheim denne kvelden var å kaste inn nye idear om tiltak og ho kom med ei anbefaling om å satsa på to store arrangement i året heller enn fleire mindre. Og når det gjeld tiltak for å skaffa inntekter er det viktig å bestemme på førehand kva ein ynskjer pengar til. Slik planleggjing skjer allereie i høgste grad i helselaget i Uskedalen.

Mange idear om tiltak vart lansert av Åse, til dømes kurs i kokking for barn, elevar og menn og turopplegg, til

dømes ein gong i månaden.

Leiar Selma Eik kom med eit hjartesukk: - Eg saknar 30- og 40-åringane blant medlemene, vi er eldre heile gjengen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Helselaget held møta sine på AFA.